



Fjord
kommune

Retningslinjer for bruk av kommunalt viltfond

Vedteke i Viltutvalet 07.06.2021, sak 006/21

Sist revidert 25.03.2025

1. Innleiing

Forskrift om kommunale viltfond m.m. § 1 pålegg kommunar der det er opna for jakt på elg og/eller hjort å etablere eit kommunalt viltfond.

Føremålet med det kommunale viltfondet er å skape økonomisk bakgrunn for å fremje viltforvaltninga i kommunen.

Retningslinjene er utarbeida med basis i og som supplement til Forskrift om kommunale viltfond. Ved forhold som ikkje blir dekt av retningslinjene visast det til forskrifta.

2. Bruk av viltfondet

2.1 Fondet kan brukast til

- Tilskot til tiltak for å fremme viltforvaltninga og styrke kunnskapen om jakt og vilt, som til dømes kartleggingsarbeid eller kursverksemd
- Tilskot til jaktorganisering som til dømes bestandsplanarbeid
- Å dekkje utgifter kommunen har til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen
- Tiltak for å førebyggje skadar på landbruksnæring voldt av hjortevilt.

2.2 Tiltak med høg prioritet

- Kommunale utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt
- Tilskot til organisering av storvald og bestandsplanområder gjennom punkt 2.7
- Tiltak for å gjennomføre kartleggingar av hjortebestandane
- Tiltak for å førebyggje skadar på landbruksnæring voldt av hjortevilt.

2.3 Fondet kan ikkje brukast til

- Utgifter knytt til kommunal administrasjon av viltforvaltninga
- Å erstatte skadar voldt av vilt
- Skotpremier.

2.4 Kven kan tildelast tilskot

Organisasjonar, einssilde personar og kommunen sjølve kan tildelast midlar frå det kommunale viltfondet.

2.5 Storleik på tilskot

Tilskotsandelen vil variere avhengig av storleiken på fondet, prioriteringa til tiltaket og beløpet det blir søkt om.

2.6 Forvaltning av fondet

Mynde til å forvalte viltfondet er delegert til viltutvalet.

2.7 Spesielle ordningar

- 3 Det skal utbetalast ein årleg driftsstønad på 30 % av til ei kvar tid gjeldande fellingsavgift per felte hjort førre jaktår til vald med godkjent bestandsplan. Driftsstønaden vert utbetalt utan årleg søknad frå valda og på vilkår som vert fastsett i dei kommunale målsetjingane for hjorteviltforvaltninga.

3. Krav til søknad

3.1 Innsending av søknad

Søknad om tilskot frå det kommunale viltfondet sendast inn elektronisk gjennom søknadsskjema tilgjengeleg på heimesida til kommunen.

3.2 Søkadsfrist og kunngjering

Søkadsfristen er 1. mars kvart år.

Utgiftene kommunen har til ettersøk av skada vilt og handtering av fallvilt er unnateken søknad.

3.3 Utbetalingstidspunkt

Ved tilsegn om tilskot kan inntil 50 % av tilskotet utbetalast. Resterande % av tilskotet utbetalast etter at sluttrapport og rekneskap for tiltaket er godkjende av kommunen.

3.4 Frist for gjennomføring

Tiltaket skal verte gjennomført innan 2 år etter at vedtak om tilskot er gjeven. Eventuell utsetting av frist kan handsamast av viltutvalet etter søknad.

Utbetalt tilskot som heilt eller delvis ikkje vert nytta innan fastsett frist, eller som ikkje er brukt i samsvar med føresetnadene, vil verte kravd tilbakeført.

3.5 Klagerett

I samsvar med Forvaltningslovens § 27 tredje ledd og Viltloven § 4 siste ledd, er det høve til å klage på vedtaket. Klagen skal vere grunngjeven og sendast kommunen innan klagefristen som er 3 veker frå ein har motteke melding om vedtak. Klageorgan er statsforvaltaren.